



NR 1
1980

AVISA TIL LANDSFORBUNDET
AV RAUDE KOR OG KORPS

PRIS
KR. 7

Dette nummeret av Gjallarhorn vert ikkje trykt opp til alle medlemene. Årsaka til dette er den økonomiske stoda i forbundet sentralt som ikkje tillet eit slikt utlegg. Ytterligere eksemplar av avisa må bestillast serskilt og sendes berre mot forskottsvis betaling (kr. 7 pr. nr.).

Medlemsorganisasjonane kan elles fritt mangfaldiggjera avisa eller gjera innhaldet kjend formemedlemene på anna vis.

Stofffrist for neste nr. er 1. april.

INNHALD:

Redaksjonelt/Nytt frå Landsforbundet	s 2
Leiar s 3
Oppsummering av Landsmøtet	... s 4
Rapport frå eit Eisler-seminar	... s 6
Korpsmetodikk s 8
Debattsider s10

REDAKSJONELT



GJALLARHORN

Avisa til Landsforbundet av Raude Kor og Korps.

Førebels adresse til forbundet:

LRKK c/o Trondheim Raudt Kor,
Boks 1242, Singsaker,
7001 Trondheim

Eit av dei sentrale tema i diskusjonen om kva Landsforbundet av Raude Kor og Korps skal driva med framover har vore - og er fortsatt - utviklinga av denne avisa til eit tidsskrift med langt breiare stofftilgong og lesarkrins enn kva har vore tilfelle til no. Landsmøtet i LRKK trakk opp retningsliner for dette:

1) STOFFTILGONGEN. Landsmøtet vedtektsfesta at kvar medlemsorganisasjon (MO) skal velja ein korrespondent for avisa som skal vera aktiv på avisa sitt "grunnplan" rundt om i landet. Alt for lenge har det vore alt for stilt når det gjeld debattinnlegg og beretningar om kva som går føre seg i musikklivet utanfor Trondheim.

2) LESARKRINSEN. Vi har tidlegare sendt ut eit skriv til lesarane om abonnementsordninga som avisa skulle setja i verk frå årsskiftet. Ordninga vart ikkje fulgt opp frå medlemsorganisasjonane si side, og dette er den direkte grunnen til at avisa denne gongen ikkje vert trykt opp til medlemene. Landsmøtet slo fast at vi ikkje kan ta opp ytterligare lån til drifta av forbundet sentralt, og kora/korpsa må difor sjølve kopiera opp avisa til medlemene, eller bestille særskilt og betale forskottsvis. Vi ynskjer ikkje å starte nokon økonomikampanje for å redde avisa. Den låge interessen til no syner oss at avisa ikkje har dekkja noko stort behov i den forma den har hatt til no. Vi saknar reaksjonar på dette like mykje som vi saknar pengar.



Postgiro:

Gjallarhorn: 3 97 19 83

Landsforbundet: 3 56 20 06

Kontingent til Landsforbundet er for 1980 sett til kr. 60 og betaltast halvårsvis.

NYTT

frå Landsforbundet

Etter landsmøtet har vi fått melding om at Grenland Rødt Kor er lagt ned. Saman med nedlegginga av korpsa i Kristiansand og Tromsø utgjer dette ei beklageleg reduksjon av forbundet.

oooOooo

Trondheim Raudt Kor arrangerer 9. desember "jubelkonsert" i samband med korets 5årsjubileum. Konserten vert ei stormønstring av lokale kulturgrupper i Trondheim, mellom anna Lisbeth Nypan-teateret (kvinnefrontens teatergruppe) som har hatt stor suksess med cabareten "Kvinner og Klør", visesongaren Hans Robertsen, og sjølvstekt koret med nytt og stort repertoar.

oooOooo

Det går smått med innbetalingane for utgiftene til Landsmøtet.

oooOooo



LEIAR

EIT NYTT FORBUND ?

Så er det andre landsmøtet i forbundet vårt avslutta. Eit nytt landsstyre er valt, vi har fått nye vedtekter og ny formålsparagraf.

Landsmøtet la opp til store endringar i forbundet. For det første skal forbundet framover utviklast til å bli eit serviceorgan for dei organisasjonane som er tilslutta. Dette inneber at notebanken må utviklast, og innhaldet i han gjerast kjent for medlemmane. Fram til no er han svært lite brukt. Dei som har arrangement sender ikkje inn, og dei som treng materiale kjenner ikkje til kva notebanken har å by på.

Avisa må byggast ut. Slik ho er i dag, fungerer ho som eit meldingsblad frå dei leiande organa til medlemmane. Vi ynskjer å gjere ho til eit diskusjonsforum for folk som arbeider med musikk, og til eit opplysningsorgan for dei som vil lære meir.

Sjølv om dei sentrale organa heretter vil vere avisa og notebanken har det nye landsstyret ei viktig oppgåve. Det er vi som må organisere og samordne samarbeidet og diskusjonen mellom medlemmane. Dei organisasjonane som treng hjelp må sikrast dette. Til no har det vore vanskeleg for LS å skaffe hjelp til medlemsorganisasjonane, mest fordi LS har vore sjeldan samla, og leiinga har vore byråkratisk organisert. Vi vonar det kan gå an å rette på denne feilen no når LS sit i hovudsak samla i ein by.

KVA TYDER FORMÅLSPARAGRAFEN ?

Den nye politiske målsetjinga vår er svært knapp; "Landsforbundet av Raude Kor og Korps arbeider for å utvikle ein progressiv, mangfaldig og eksperimenterande musikkultur."

At vi ynskjer ein mangfaldig kultur, burde vere klart. Mottoet for pinsesemnet i Oslo i 1978 var "La 100 blomster blomstre." Sidan den gongen har vi sett at dei raude kora og korpsa har våga seg på andre ting enn dei gamle arbeidarmarsjane. Dette er bra, men vi er så vidt starta. Vi må eksperimentere med nye former, nye uttrykksmåtar osv.

Den nye formålsparagrafen seier og at vi ynskjer ein *progressiv* kultur. Kva begrepet inneber, er ikkje fastlagt. Det finst mange måtar å definere det på, og det vil vere usemje om kva som fungerer progressivt i ein gjeven situasjon. Dessutan: Treng alle songar og melodiar/musikkstykke i den progressive kulturen kvar for seg ha eit uttalt progressivt innhald?

Som de kan lese i referatet frå landsmøtet, gjekk diskusjonen der i stor grad på om forbundet skulle ha ei sosialistisk målsetjing, eller om vi i dag skulle samle oss om den nasjonale kulturen, til vern om sjølvvråderetten. Denne diskusjonen må først ut i avisa, og til dei enkelte medlemsorganisasjonane. Vi vil ikkje pålegge dykk å gjennomføre nokon diskusjon, men vonar at flest mogleg av dykk tek opp hansken, og skriv innlegg til avisa.

ØKONOMIEN (SUKK)

Dette er eit forholdsvis trist kapittel, og slett ikkje uvesentleg for drifta av forbundet. Det nye landsstyret tok over eit forbund der økonomiarbeidet ei tid vart undervurdert. Forbundet var kostbart å drive, og gjelda som oppsto i denne tida slit vi med enno. For å unngå nye gjeldsbørder i framtida, kjem ikkje LS til å gjere noko som kan auke gjelda. Det vil

forts. s. 5

Landsmøtet - ei oppsummering

Dette er en kort oppsummering av det viktigste som skjedde på landsmøtet i Trondheim 3. og 4. november

Som ventet gikk de største diskusjonene om forbundets framtid og om formålsparagrafen. Endringene i beretninga og det som ble vedtatt for framtida samt ref-

erat av diskusjonene vil bli sendt ut til grunnorganisasjonene.

Diskusjonen rundt beretninga gikk først og fremst på bruken av Emil-metoden. Dette kapitlet ble skrevet om. Det ble oppsummert at LF har hatt stor nytte av Emil og hans metode, men har vært for hans metode, men har vært for dogmatiske i synet på bruken av den.

Til kapitlet om forbundets historie ble det sagt at dette var for snevert, spesielt når det gjaldt korpsene. I forbundet finnes det lite om korpsene, så hvis noen sitter inne med materiale bør de sende inn dette. Mer utførlig materiale om historien kan ellers bestilles gjennom forbundet.

Beretninga som helhet ble kritisert for å være for negativ: Vi har kanskje opptrådt for et snevert publikum, men har vært med på å spre entusiasme i disse kretsene.

En delegat mente at beretninga burde oppsummere at det var feil å stifte forbundet utenfor eksisterende forbund i 1977, resten av delegatene var mot dette siden ingen av grunnorganisasjonene hadde innvendinger i 1977, og LF ikke kunne sees på som konkurrent til eksisterende forbund ut fra formålsparagraf og innretting.

Landsmøtet gikk inn for landsstyrets forslag om å forenkle og omorganisere forbundet til et sekretariat med avis og notebank. Alle var enige om at progressive kor og korps fortsatt trengs, og

et stort flertall var for å opprettholde landsforbundet. Det var også enighet om at landsforbundet ikke skulle være konkurrent til eksisterende sang- og korpsorganisasjoner. Endel av grunnorganisasjonene hadde tilsluttet seg slike eller ville gjøre det.

Formålsparagrafen.

Diskusjonen i forbundet startet med et utkast fra LS som alle grunnorganisasjonene har fått. Dette la vekt på å holde i hevd og utbre forståelsen for den nasjonale sjølråderetten og utvikle norsk folkelig kultur mot "den imperialistiske pengekulturen". Utkastet tar også opp viktigheten av eksperimenter med nye former, støtte til undertrykte grupper og andre folks kultur. Mot dette forslaget hadde koret i Tr.heim satt fram et forslag som la vekt på utvikling av en progressiv musikkultur basert på proletær, nasjonal og antiimperialistisk tradisjon, med høy kvalitet og eksperimenter i form for å fremme forsvar av nasjonal sjølråderett, demokratiske rettigheter og et sosialistisk Norge.

Dette siste forslaget var tatt som utgangspunkt for LS sitt endelige forslag for landsmøtet.

Diskusjonen dreide seg først og fremst om allmenpolitikken: Skal forbundet ha en sosialistisk plattform? Mot sosialisme i plattformen ble det satt fram at dette gjorde rekruttering vanskelig på mindre steder (f.eks. av natur- og miljøinteresserte og andre som ikke var sosialister). Et annet argument var at forbundet ikke burde ha en allmenpolitisk, men en kulturpolitisk plattform. I musikklivet i Norge lå hovedmotsigelsen mellom nasjonal kultur og amerikanisert musikk (spesielt

korpsmusikk) og formålsparagrafen burde ta utgangspunkt i denne motsigelsen, og sette nasjonal kultur og sjølråderett sentralt. Forslaget til LS ble sett på bare som en forenkling av den gamle plattformen. Andre mente det var kunstig å skille mellom allmenpolitikk og kulturpolitikk siden vi har en politisk målsetting med kulturarbeidet. I LF må utvikling av den politiske funksjonen stå sentralt.

På grunn av den skarpe motsigelsen ble det nedsatt en komité med representanter for begge syn som kom fram til en minimumsplattform som arbeidsgrunnlag fram til neste landsmøte, slik at diskusjonen kan videreføres innen landsforbundet. Forslaget var: "LF arbeider for å utvikle ein progressiv, mangfaldig og eksperimenterande musikkultur. LF vil i sin praksis og valg av repertoar arbeide for å holde i hevd og utbre forståelsen for den nasjonale sjølråderetten."

I den følgende diskusjonen kom det fram at hvis den nasjonale sjølråderetten skulle nevnes spesielt, burde også arbeiderklassens kultur og demokratiske rettigheter tas med. Flertallet mente imidlertid at dette ikke burde nevnes spesielt, og det ble gjort vedtak om en minimal plattform:

"LF arbeider for å utvikle ein progressiv, mangfaldig og eksperimenterande musikkultur."

I løpet av kommende toårsperiode bør LF komme fram til en formulering av en kulturpolitisk plattform. Flertallet av delegatene mente at det nye landsstyret skal arbeide utfra at vi har en politisk målsetting med musikken og at vi arbeider for et sosialistisk samfunn.

Det nye landsstyret ble lagt til Trondheim og med en representant (notebankansvarlig) i Bergen. Forbundsavisa forblir i Trondheim. I vedtektene til LF ble det åpnet for at andre grupper enn kor og korps kan bli medlemmer.

For at avisa skal kunne bli et debattorgan og ikke som nå meldingsblad for LS, skal hver grunnorganisasjon velge en avis-korrespondent. Landsmøtet var også enig i en abonnementsordning på avisa hvor grunnorganisasjonene baserer seg på gruppeabonnement.

Notebanken blir i Bergen og skal utvikles til et serviceorgan bl.a. med en kasettbank og katalog som kan bestilles. Notebanken skal også utarbeide arrangementer for grunnorganisasjonene utfra den besetning de har eller formidle kontakt for dette. Grunnorganisasjonene må bruke notebanken mer enn hittil.

LEIAR, forts. frå s 3

seie at aktiviteten i forbundet er direkte avhengig av økonomiarbeidet i dei enkelte grunnorganisasjonane

Får vi ikkje inn dei pengane vi har budsjettert med, må aktiviteten gå ned. Difor oppmodar vi alle grunnorganisasjonar om å sarnere gammal gjeld, og vere presis med innbetalingane i framtida.

PRAKSISEN ER MÅLESTOKKEN !

Men det aller viktigaste arbeidet for grunnorganisasjonane vil alltid ligge i å utforme den progres-

sive kulturen i praksis. Det er det musikalske arbeidet vårt som må vere målestokken på kor godt vi fungerer. Vi må nå breidt ut, og vi må ha skikkelege ting å by fram til publikum. I dette arbeidet meiner vi det er viktig å få samarbeid med krefter utanfor våre egne rekker. Ta kontakt med folk som arbeider med musikk, anten dei kan reknast som progressive eller ikkje, og lær av dei. La andre få del i dykkar erfaringar gjennom notebanken og avisa.

Rapport frå eit EISLER-SEMINAR

Musikkinstitutta ved universitetet i Oslo og Trondheim i samarbeid med foreininga Ny Musikk arrangerte eit Eisler-seminar i Oslo 12. og 13. november. I tillegg til studentar, lærarar og komponistar deltok musikkforskarane Günter Mayer frå Aust-Berlin og Jan Ling frå Göteborg, og Louise Fisher Eisler (gift med Eisler i ca. 30 år, no busett i Wien).

For dei som ikkje veit det, er Hanns Eisler den som har sett musikken til Solidaritetssang, Enhetsfrontsang, teaterstykket Moren og mykje meir. Han samarbeidde med Berthold Brecht frå ca. 1930 og til Brecht døydde i 1956, og har gjeve store bidrag til musikkulturen i arbeidarklassen. (Seminar-et tok og for seg samarbeidet mellom Brecht og Kurt Weill - som t. d. laga Tolvskillingsoperaen i 1928 - men det skal eg ikkje gå inn på her.)

Spørsmålet var: Kva kan vi lære av tilhøvet musikk/politikk hjå Eisler, korleis kan han vera nyttug for oss i dag?

Günter Mayer tok utgangspunkt i ein Eisler-artikkel frå 1937 - Einiges über den Fortschritt in der Musik (Litt om framsteget i musikken). Der skriv Eisler om at musikeryrket er inne i ei krise, som kjem til uttrykk på tre område: i samfunnet, i det musikaliske materialet, og i utviklinga av nye musikalske produksjonsmiddel/media. Mayer meinte at det viktigaste vi kunne lære av Eisler, var korleis han stilte seg til revolusjonen på desse tre områda, korleis han prøvde å takle dei konkret.

1) Den samfunnsmessige. Eisler

meinte det var naudsynt for musikkspesialistane (komponistar, utøvarar, pedagogar) å slutte seg til revolusjonen - dvs. den sosialistiske - og å definere arbeidet sitt samfunnsmessig i høve til det. På grunnlag av dette utvikla Eisler nye arbeidsformer for komponisten, ut frå oppfatninga at komponisten sto i eit kollektiv - ei masserørsle for å endre verda - i motsetnad til den isolerte individualistiske, borgarlege komponistpraksisen. Dette fekk følgjer for synet på materiale og media.

2) Materialrevolusjonen. Eisler hadde gått i komposisjonslære hjå Arnold Schönberg i Wien 1919-23 og fekk der grundig opplæring både i klassisk og moderne teknikk, fram til og med tolvtoneteknikken til Schönberg (som vart utvikla i dei åra). Kort sagt, Eisler meistra det meste av komposisjonsteknikk som fanst då. Samstundes vart han fort pinleg klar over kor isolert den moderne musikken var i samfunnet. Eisler meinte at det einaste dugande tiltaket var å omfunksjonere musikken ved å stille han i teneste hjå masserørsla for samfunnsmessig revolusjon. I praksis innebar dette å bruke ein stor del av kunnskapen og kreftene på å utvikle den musikken massane brukte: Kampsangane til Eisler tok utgangspunkt i "gangbart" materiale, men handsama det på originalt og tankevekkande vis. Samstundes skreiv Eisler moderne og større komposisjonar for den meir framskridne delen av rørsla (dette gjorde han og for å styrke seg i handverket, for å stoppe kjeften på visse kritikarar osv.). Eisler skilde mellom ideologien og komposisjonsteknikken til Schönberg, og såg den siste som eit historisk framsteg, samstundes som han måtte

ha ein konkret taktikk for korleis denne teknikken kunne utnyttjast i samfunnet der og då.

3) Mediarevolusjonen. På Eisler si tid kom grammofonplata, radioen og lydfilmen, som alle byrja grava grunnen vekk under den borgarlege konserttradisjonen. Det vart mogleg å nå eit langt større publikum enn det som får plass i ein konsertsal, eller i operaen (som var svært utbreidd i Tyskland under Weimar-republikken 1918-33). Eisler ville nå massane, følgjeleg måtte han gå ut over dei tradisjonelle konsertsalgrensene og brukte dei nye media aktivt. Eisler skreiv musikk til over 40 filmar, han vart framført både i små kneiper og i store konsertsalar/teater - t.d. av solistar som Ernst Busch, av arbeidarkor/-orkester o.l., og likeeins sengar som vart lært bort og sunge i demonstrasjonar og masse møte.

I alle samanhengar prøvde Eisler å skrive kampmusikk, musikk som på alle moglege vis kunne styrke det politiske medvitet (å forklare korleis han gjorde det krev fleire særskilte artiklar). Han var kritisk både til det sentimentalt folkelege, og til dei sosialdemokratiske forsøka på å "heve" den musikkindustripåverka arbeidaren til borgarleg kunstmusikknivå. Av dei tre revolusjonsaspekta var det politiske det avgjerande.

Så langt Günter Mayer. Det er verd å merke seg at Eisler etter han døyddi i 1962 er opphøgd til eit slag musikalsk nasjonalhelt i Aust-Tyskland. På femtitalet var han godt som ikkje-eksisterande i vest, medan statlege doktriner i aust gjorde det vanskeleg for han å få framført annan (meir moderne) musikk enn den han sjølv rekna for "dum" (klisjéprega). (Louise Fisher nytta skarpe ord om korleis dei hadde blitt handsama i både Wien og i Aust-Berlin etter at dei vart utviste frå USA i 1948. Ho var elles kritisk både til supermaktene og til forfølgjinga av Charta -77-underskrivarane. Skal tru kva Eisler sjølv hadde vore i

dag?)

Jan Ling understreka tre sider ved det politiske engasjementet til Eisler: Han kompromissa ikkje med sanningskravet, han var optimist, og han spurde: for kven, og kvifor. Ling var oppteken av stoda i ungdomsmusikkmiljøa: I Sverige dominerer discoen svært mange av dei stadane ungdomen kan treffast, og det utviklast eit temmeleg reaksjonært miljø der med omsyn til kjønnsroller o.l. Kva er det i denne musikken som verkar tiltrekande? Kan Eisler lære oss noko om korleis vi kan gripe inn i denne utviklinga?

Både i innlegget hans og i diskusjonen etterpå var det framme fleire viktige problem og idear: Det trengs ein "alternativ musikkfront" (kva for innretting var litt uklart). Spirane til masse-rørsle på dette feltet (som t.d. oss i Landsforbundet) slit med mangel på musikalske handverkskunnskapar. Samstundes arbeider studentar og komponistar i all hovudsak med musikk som er like fjern for folk flest som latin frå kvardagsmål, og musikkundervisninga i skuleverket er så som så. Stoda for komponistane kan illustrerast vidare ved at TONO gjev høgaste avrekning (betaler mest) for symfoniar, strykekvartettar o.l. medan viser med enkelt akkompagnement står nedst på lista (om det i det heile blir avrekna).

Dette seminaret var viktig på mange vis: Det er fyrste gong dei to institutta har samarrangement, noko som er mest umogleggjort grunna øyremerkinga av dei statlege løyvingane. Vidare er det sjeldsynt at representantar for komponistar, musikkforskarar, studentar og politisk amatørmusikk-rørsle er samla i eit forum til førelesingar og diskusjon om korleis musikk brukast og kan brukast til å endre samfunnet. Synd at vi ikkje har noko sams forum å føre diskusjonen vidare i. Det er å vone at både Ballade (Ny Musikk) og vi kan spinne vidare på tråden til eit nytt høve byr seg.

Jon Egil/Trondheim

KORPSMETODIKK

En del punkt fra en samtale med Emil Salut august 1978, notert og kommentert av Gunnar, Tromsø.

0. GRUNNLAG

Et tenkt orkester har slik instrumentasjon som vist nedenfor. (Alle orkester deles inn i grupper, hovedsaklig etter klang).

2 fløyter C		
3 klarinetter B		
3 saksofoner	GRUPPE I	
- 2 alt		
- 1 tenor		

2 trompeter		
2 kornetter	GRUPPE II	
3 tromboner		

1 althorn		
1 tenorhorn		
1 bariton	GRUPPE III	
1 bass		


1 skarptromme		
1 stortromme	GRUPPE IV	
1 par cymbal		

trekkspill	TILLEGG	
------------	---------	--

1. KLANGSTUDIE



Studer klangmateriale / klangmuligheter i det konkrete orkesteret. (Yttergrenser).



Studer klangmateriale / klangmuligheter i gruppene.



Studer partituret: Ligger arrangementet i høyt, middels eller lavt register? Eksempel: Det ligger i lavt register. Da vet vi ikke alt om partituret, men vi vet mye om klangen. Alle partitur er forskjellige!

2. PARTITURSTUDIE

Hva spiller gruppene, (ikke stemmene)?
(Hvilken funksjon i arrangementet har de enkelte gruppene?)

- melodi
- harmoni
- kontrapunkt
- effekter

Gjennomgå gruppe for gruppe.

Harmonistudier

Studer harmoniene (besifring). Hva er konsekvensen av/funksjonen til en gitt harmoni i hver gruppe?

Ved modulasjon:

Er modulasjonen 1) reprise i ny toneart? 2) nytt materiale (nye tema, motiv...)? I tilfelle 2), gjennomgå samme analyse!

3. MED ORKESTER

0) Oppvarming 5 minutt.

1) Stemming. Spill kammertonen. Stem gruppene, og i tillegg saxhorn enkeltvis. (Saxhorn = althorn tenor, bariton, bass). Alle bøylere må fungere!

2) Hvem har melodien? Alle melodiinstrument spiller unisont.

3) Alle med effekt / kontrapunkt spiller ilag.

4) Harmoni spiller ilag.

5) Ved eventuell modulasjon: Hele orkesteret spiller fra 4 takter før modulasjon til 2 takter etter.

6) Repriser: Repeter ifølge skjema mange ganger.

ORIGINAL

SILLES

(Det er alltid forvirrende å flytte øyet i sprang. Gjelder for alle "hopp" på arket.)

7) Hele nummeret fra begynnelse til slutt. Uten dynamikk. **KLANG!**

8) PAUSE

9) Spill nummeret mange ganger med dynamikk:

- gjennomspilling
- 1 minutt pause
- gjennomspilling
- 1 minutt pause
- o.s.v.

10) Neste øving:

Spill samme låten mange ganger. Spill den på hver øvelse i repertoarperioden. (Overlæring).

11) Øvingsprosedyre for innlæring av repertoar:

ØVING NR.

	1	2	3	4	5	6	7
1	▬	□□□	□	□	□		
2		▬	□□	□	□		
3			▬	□□	□		
4						▬	□□□
5							▬
6							o.s.v.

4. TILLEGG

Tekniske vanskeligheter: (Løs ett problem om gangen.)

- fingre uten å spille
- bruk 10 minutt til å studere rytmiske problem i stykket
- bruk tavla for å studere problem

Diverse:

- dirigent: Sjekk instrumentene
- dirigent: Sjekk sittestilling
- ingen i orkesteret må trampe takten
- når ett instrument har pause i et stykke: vannet ut av hornet med en gang
- løft instrumentet til leppene i takt før ny innsats
- både musikere og dirigent må

gjøre avslappingsøvinger på prøvene. (Eks. ryggbøying framover, rist løs.)

leser
tleser
attleser
battleser
ebattle
debattle
vdebattle
evdebattle
debattle



Repertoar i Trondheim

"En sång som handlar om sig själv. ..Den har just börjat nu.." og etterhvert ".blir den ganske känslösam.." - og "tjusig" - før den til sist tar slutt.

Raudt Kor i Trondheim skal ha jubileumskonsert rett før jul. Dette er litt av teksten på en av sangene på programmet. Tage Danielsson har skrevet den svenske teksten (originaltekst: J. G. Seidl), og ingen ringere enn Schubert står for melodien. Videre øver vi på Beethovens 7. symfoni, 2. sats.

I første omgang kan man spørre seg om hva disse numrene gjør på repertoaret til et rødt kor. Her i Trondheim har vi diskutert repertoar i lang tid nå. Vi ønsker å nå et bredere publikum. Dette er bakgrunnen for diskusjonen.

Vi tok repertoaret for oss og fant endel skjevheter. Her var overvekt av kampsanger med marsjtakt, lite nasjonal kultur, lite humor. Politisk sett var jo linja ganske ren og rød, men hvem var det vi nådde med det budskapet? Hva hadde vi å tilby andre? Hva med underholdningsverdien?

Noe annet vi måtte gå etter i sømmene var det kunstneriske nivået vårt. Vi vil gjerne tilby folk noe som er bra. Dette blir jo viktig om vi skal nå andre enn de som godtar det meste fordi vi har den riktige politikken.

Jeg mener vi har prøvd å ta hensyn

til begge disse tingene i konsertrepertoaret. Jeg refererer resten kort: "Cho Cho Loza" og "Vær utålmodig, menneske" fra Ballade, "Det Nye Livet", pols fra Østerdalen, "Arbeidermarsj", og "Til lags åt alle kan ingen gjera".

Her i koret er det delte meninger om dette repertoaret. Noen mener det politisk sett ikke holder mål - vi har lagt oss flate for å nå ut.

Det er mange måter å legge fram en sak på - jeg tror at dette også gjelder politikk. Personlig synes jeg repertoaret er bra. Det har et politisk budskap selv om det ikke trykker noen ferdig verdensanalyse ned over hodet til folk. Sången som handlar om sig själv egner seg f.eks. fint til å få sagt noe om begrepet absolutt musikk.

Jeg vil påstå at det kunstneriske nivået konsertprogrammet har ligger på et høyere nivå enn det vi har hatt tidligere. Jeg synes det er viktig at vi får bevist for oss selv at vi kan få til ting det ligger utfordring i.

Koret har brukt hele høstsemesteret til å øve inn disse tingene. Vi har kun hatt en opptreden. Er det riktig å binde så mye krefter til en eneste konsert? Det har blitt øving og atter øving i det siste. Det kan være lett å glemme målet på denne måten. Hvor går veien videre da? Vi har tidligere opplevd nedgangsperioder etter lignende

rbrevdebattleserbrevdebattleserbre

opptredener. Jeg tenker på den gang vi holdt på med "Moren" av Brecht/Eisler. Da vi var ferdige med den, opplevde vi at entusiasmen i koret dalte. Vi mistet også endel medlemmer like etterpå. Håper vi ikke får en slik dødperiode igjen. Hvordan har dette fungert andre steder? Tromsøkoeret har jo holdt på med "og folket synger

i gatene" - kunne vært greitt å høre hvordan det har gått med dere etterpå! (Dere skal vel skrive i avisa om dette stykket?)

Ellers håper jeg på en debatt om repertoarpolitikk generelt.

Beth, Trondheim

Sosialisme i plattformen

- nok en gang

På landsmøtet ble det ikke vedtatt noen sosialistisk formålsparagraf sjøl om flertallet av grunnorganisasjonene mente at vi burde ha sosialisme som målsetning for kulturarbeidet. Diskusjonen om sosialisme og den politiske funksjonen til kulturen skulle føres videre i medlemsorganisasjonene og avisa. Here we go, then.

Sosialisme i formålsparagrafen er ikke et krav om en politisk trosbekjennelse fra medlemmene eller fra medlemsorganisasjonene. En sosialistisk formålsparagraf er et spørsmål om vi trenger kulturen som redskap i arbeidet for sosialismen.

En løpeseddel, tale eller debatt tar sikte på å overbevise folk med fakta og argumenter for en politisk sak. Sjøl om mange av korsangene har vært laget på denne måten, har kulturen sin spesielle funksjon når det gjelder å mobilisere folks følelser. Det kan være både sorg, sinne, glede, begeistring og følelsen av styrke og solidaritet.

Å arbeide for et sosialistisk samfunn er å arbeide mot utbytting, undertrykking, arbeidsløshet, nød og ødelegging av naturen utfra profitthensyn. Hvis kampen mot de problemene vi erfarer til daglig skal ha et sosialistisk perspektiv

må vi ha en visjon om og en tro på et framtidig samfunn som er bygget på rettferdighet og likeverd der disse problemene kan løses. Ingen står opp i protest når bare alt er elendig nok, men de gjør det når de ser muligheten til noe annet og bedre.

Her tror jeg kulturen har en viktig oppgave: å mobilisere folks følelser og forestillinger om et annet og bedre samfunn. Kommersiell kultur har nærmest vært enerådende på dette området. Den gir dagdrømmer om andres liv og byr folk en flukt fra virkeligheten, men kan ikke gi noe perspektiv på løsningen av de problemene som gjør at folk har behov for "flukt" fra virkeligheten.

Hvis vi gjennom kulturarbeidet skal klare å mobilisere folks følelser og forestillinger om ei bedre framtid, må vi levere godt arbeid. En dårlig sang og/eller ei dårlig framføring virker ikke, og er bortkastet tid og krefter. For å sammenligne med kiosklitteratur: den er glemt så snart den er lest og etterlater intet. I motsetning til forfattere og produsenter av kiosklitteratur har vi ingen inntekter av dårlig arbeid, og burde derfor bruke tiden til noe mer nyttig. Vi burde utvikle god musikkultur som kan fylle det formålet vi har med den. God musikk

og sang er dessuten noe som ikke er uaktuelt og glemt uka etter ellers om et år.

Også når det gjelder dagsaktuelle saker kan en bruke kulturen til å mobilisere folk. EF-kampen og Alta nå i det siste, er eksempler på dette. Problemet med sanger som tar for seg en tidsbestemt situasjon, er at disse ikke kan brukes når situasjonen endrer seg. Hvis sangen skal overleve, må innholdet ta for seg mer allmene problemer. Eksempler her er Det Nye Livet,

Grønne Enkers Melodi og Ellinors vise, i motsetning til.... alle de jeg ikke husker lenger.

Min konklusjon er derfor at vi bør prioritere arbeidet med sang og musikk av høy kvalitet som kan brukes både nå og i framtida, og som, om ikke "inspirerer til kamp for eit sosialistisk Noreg", så iallfall til drømmen om et annet og bedre samfunn.

Bente, Trondheim

For ein sosialistisk kultur

I dag står vi utan ei klar og eintydig målsetjing for kulturarbeidet vårt. Formålsparagrafen seier berre at vi skal arbeide for ein progressiv kultur. Kva er dette?

Som sosialist ser eg berre ei tyding av begrepet; Den progressive kulturen er ein kultur som på eit eller anna vis peikar framover mot det sosialistiske samfunnet.

Ein slik kultur treng ikkje vere agitasjon eller propaganda. Vi har laga altfor mykje av den slags, og den kunstnarlege kvaliteten har ofte vore svært liten. I kora har vi ofte konsentrert oss om det politiske innhaldet i teksten, og oversett forma både på tekst og musikk. Vi må vurdere arbeidet vi gjer under eitt, ikkje berre sjå på dei enkelte verka våre. Vi må sjå på den totale funksjonen vår og plasseringa vår i det norske kulturlivet og i den progressive rørsle.

Nokre stiller spørsmålet: Kva treng det norske musikklivet? Svaret bør vere greitt: Det norske musikklivet treng alternativ til den borgarlege og imperialistiske kulturen. Vi er eitt alternativ, saman med visesongarar, rockegrupper, jazzmusikarar osv. Saman med alle desse må vi arbeide for ein musikk

som ikkje passiviserer folk, men som dei kan kjenne som sin eigen, og som kan gjere dei stolt av det dei sjølve er og står for.

Vi må også stille spørsmålet: Kva treng den norske progressive rørsle? Det er ikkje råd å gje eit eintydig svar på dette, for dei progressive treng ikkje berre ein slags kunst og kultur. Vi treng ein kultur som er eit samlingsmerke. Vi treng ein kultur som gjev uttrykk for folket sine kjensler, behov og voner. Vi treng ein kultur som gjev folk høve til rekreasjon, underhaldning og nytting. Men vi må ikkje bli så kunstnerisk "eksklusive" at vi overser behovet for ein kultur som propaganderer for framtidssamfunnet, sosialismen. Vi har laga mykje dårleg agitasjonsmusikk, men det tyder ikkje at det er feil å lage musikk som propaganderer for eit politisk syn. Det er vår oppgåve framover å lage ein musikk som kjempar for frigjering av dei undertrykte folka i verda.

Eg vonar at flest mogleg av medlemmane i forbundet stadfestar i vedtektene sine at dei ynskjer å arbeide for eit sosialistisk Noreg og at dei arbeider for ein kultur som kan styrke arbeidet for dette målet.

Arundine